



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 01.08.2016
Vår ref.: 2016/9478
Arkivnr.: 521.9

Randaberg kommune
Pb 40
4096 Randaberg

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Randaberg kommune

Vi viser til brev datert 18.12.2015, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2016. I vedlegg til brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll på landbruksområdet i Randaberg kommune i løpet av andre halvår 2016. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

Forslag til dato for kontrollen

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen tysdag 4. oktober 2016. Som alternativ dato har vi sett opp fredag 7. oktober. Vi håper ein av desse datoane passar, og ber om tilbakemelding på dato innan 20.08.2016.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med dei overordna føresetnadene og etter gjeldande lover og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarende forvaltningskontroll i Randaberg kommune var 14. mai 2009.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til ordninga med produksjonstilskot i jordbruket og kommunen sine rutinar i samband med oppdatering av gardskart. Vi vil i god tid før avtalt dag komme tilbake med meir detaljar om aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

- 09.00-09.30 Formøte med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang
- 09.30-13.30 Intervju og gjennomgang av dokument
- 13.30-14.00 Sluttmøte med oppsummering av funn frå undersøkingane

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ane) for dei ulike ordningane. I tillegg ønskjer vi at rådmann og/eller kommunalsjef deltek på formøtet og sluttmøtet, og ser det som positivt dersom dei har anledning til å delta under heile kontrollen.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarane med ansvar for produksjonstilskot og gardskart. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Anfinn Rosnes
fung. landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
fung. ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no